

Regler for agility-trening i **Førde Brukshundklubb**



- **ALLE må ha agility kurs -nybegynnar/grunnferdighet.** Dette for at alle skal ha vert igjennom alle hindrane og korleis dei skal utførast, samt at enn får grunnopplæring i sikkerheit for hundane som er det viktigaste i treninga.
- **DEI SOM TRENER I BANA UTAN Å HA GRUNNKURS – trener på eige ansvar!**
- **Barn under 14 år får ikkje trene i bana utan å ha med seg ein vaksen person!**
- **Vær forsiktig med trening av kvalpar.** Generelle regler: alle hunder under 1 år skal ikkje hoppe eller ta slalåmen. Dette varierer sjølvst etter kva hund enn har. Små hundar er tidlige utvikla enn store. Det viktigaste er å begynne forsiktig.
- **Ikkje for hunden rett før trening.** Ein svoltne hund er meir aktiv/lysten på godbitar og leiker, og derfor lettere å trene.
- **Luft hundane godt før trening.**
- **Ingen markering verken i bana eller på hindra,** dette gjelder både tisper og hannhundar.
- **Kun ein hund i bana samtidig.** Dette for å unngå at hunden som tar bane/hoppkombinasjonar skal bli unødig forstyrra. Om to hundar trener samtidig på to ulike hinder/hinderkombinasjonar bør ein eller begge vere i langline om det er fare for at dei spring til kvarandre. Dette er svært viktig å unngå både for eventuell konkurranse seinare, men også for å unngå konflikter mellom hundane.
- **Ved bruk av langline under agility-trening SKAL den ALLTID festast i sele. Aldri halsbandet.** Dersom langlina heng seg opp eller du må ta tak i den for å stoppe hunden kan den få ein rimeleg stygg nakkesleng om den er festa i halsbandet.
- **Alle hundar bør varmast opp før dei tar bane/hoppkombinasjonar.** Dette for å unngå skader og slitasje. Ein varm kropp taklar hopp og knappe svingar betre!
- **Alle hundar bør få ei nedtrapping/roe ned etter dei har gått hopp/banekombinasjonar.** Aldri ta dei rett i bilen, hundar blir som oss, stiv og støl av slikt! Litt gåing er nok.
- **Tilby alltid hunden vatn ved alle pausar.**
- **Ved trening av hinderkombinasjonar, bør det oftast vere med lave høgder,** sjølv om hunden er stor. Dette er for å unngå belastningsskader.. Hundane lære seg og ein betre hoppteknikk om dei får gå mykje på lave hinder, så når høgda aukar har dei eit godt utgangspunkt for å satse, hoppe og lande riktig. For det er ikkje berre å hoppe over eit hinder, det klare alle hundar. Det gjelder å ha ein god teknikk.
- **Ein hund skal ALDRI straffast i bane for eventuelle feil.** Agility skal vere kjekt og positiv. Gjer hunden ein feil må han berre gjere det om igjen før han får belønninga sin. Hunder lære mykje meir av det.
- **Aldri la hunden hoppe ned frå felthinderene halvvegs.** Det er høgt og fare for skader er stor sjølv om ikkje hunden begynner å halte/pipe der og då, kan dei likevel få småskader.
- **Ta pausar FØR hunden blir sliten.** Det er fort gjort å holde på for lenge slik at hundane begynner å gjere feil på slutten, noko som skaper dårleg læring...! 5 min intensiv trening er lenge nok for ein utrent hund. Kommer litt ann på kor vanskeleg ein trener og ikkje minst kor mykje forstyrrelser (andre hundar o.l.) som er rundt bana.

